



BÅTRUTIA: Ruta som går i Osterfjorden, til fleire veglause gardar i Vaksdal, står i fare.

Kan måtta flytta om båtruta vert nedlagt

Dersom båtruta i indre Osterfjorden vert nedlagt, må ni eldre flytta frå heimane sine.

► VAKSDAL

Det skriv Senior Norge, ein ideell, frittsjåande og upolitisk interesseorganisasjon for seniorar og pensjonistar, i eit skriv til fylkesrådmannen.

I fylkesutvalet 26. juni

Formannskapet i Vaksdal hand-sama saka måndag, den skal i samferdselsutvalet 6. juni og i fylkesutvalet 26. juni.

Ved handsaming av fylkesbudsjettet 2018 bad fylkestinget rådmannen om å leggja fram ei

sak med ein hellskapleg gjennomgang av den lokale båtruta i Osterfjorden og ruta Geitanger-Knappskog.

Fylkestinget bad også om ei avklaring på om det er eit fylkeskommunalt ansvar å driva båttilbodet, eller om det kan løysast i eit eventuelt spleiselag mellom fylkeskommunen og dei aktuelle kommunane.

Kven har ansvaret?

Etter det har Osterøy, Vaksdal og Lindås kommunar teke saka opp, og stilt spørsmål ved kva overordna ansvar fylkeskommunen har for å sikra og finansiera eit samla transporttilbod til innbyggjarane i desse kommunane.

Fylkeskommunen meiner det ikkje er mogleg å forlenga dagens avtaler om drift av båtrutene. Eventuelt vidare drift må seijast ut på tilbod. Då må anten kom-

munen stå for transportkjøpet eller fylkeskommunen.

Ikke lovpålagd oppgåve

– Det er vansett på det reime at Vaksdal kommune vil ha ein krevjande økonomi i åra som kjem. Eg viser også til økonomiplanen, der det ikkje er ledige midlar til dette tiltaket. Det er heller ikkje ein del av kommunen sine lovpålagde oppgåver, skriv rådmann Trine Grønbech til formannskapet.

Økonomien i prosjektet er elles uklår, ettersom tilbodet må ut på tilbod, og det ikkje er råd å gjera noko forsvarleg vurdering av eit eventuelt kommunalt tilskot til eit eventuelt spleiselag enno. Rådmannen legg såleis saka fram til drøfting, utan tilråding.

21 fastbuande

Det er dei veglause grendene

Furnes, Stokken, Padøy, Heimvik, Tone, Melledalen, Vedå og Buikestein – dei tre siste i Vaksdal kommune – som kan mista båtruta si.

Senior Norge, Hordaland, sitt brev, som leiar Odd Himle har sendt, fortel at det bur folk i alle aldrar, frå skuleborn til eldre, i desse grendene, til saman 21 fastbuande personar.

Utan båtruta blir det vanskeleg å bu i desse grendene, særleg for eldre.

Senior Norge Hordaland har fått opplyst at så mange som ni eldre personar må flytta frå heimane sine dersom båtruta blir lagt ned.

Legg ned Bygde-Noreg

– Det er vel ikkje noko anna enn å bidra til å leggja ned Bygde-Noreg? Er det rette måten for fylkeskommunen å ivareta sine borgarar på? Burde ikkje fylkes-

kommunen heller bidra til å behalda velhaldne bustader, gren-der og bygdelag og eit levande Bygde-Noreg? spør Himle i brevet sitt.

Ikke store kostnaden

Kostnaden med å behalda båtruta er, knapt nok, småpengar i høve til fylkeskommunen sitt budsjett, meiner Senior Norge.

– Det kan ikkje vera noko umogleg oppgåve å finansiera dette vesle, men viktige, båtprosjektet – som i praksis, er å ta vare på land og folk, heiter det.

Ber om løysing

Senior Norge Hordaland ber fylkestinget om å finna ei løysing, slik at båtruta kan oppretthaldest, og at grendene det gjeld, ivaretekne.

► Jan-Egil Dyvik

jed@avis-a-hordaland.no